

Visitass i Bjerkreim – 5. s. e. Kristi åpenbaringsdag – Mark 2,1-12

Det er visitass denne veka. Eg er under opplæring i Bjerkreim. Det er nyttig. Tilsyn heiter det og handlar om at biskopen skal bry seg, og helst bry seg *om* på ein god måte. På engelsk har ein uttrykket «Who cares». Me heisar av og til på skuldrane og viser at me ikkje bryr oss. Likesæle er ofte ikkje uttalt, men kan merkast som kulde og avstand. Me er her fordi me bryr oss. Takk til sokneråd og stab for alt dei har gjort i førekant av visitassen. Takk til de som kjem på gudsteneste og viser at de er interesserte i korleis kyrkjelyden og soknet har det.

Me er her mest fordi me får tru at Jesus bryr seg. Nokon fortalde oss om kven sitt merke me fekk i dåpen. Det var krossmerket, symbolet som viser kor djupt Jesus bryr seg om oss.

«Då Jesus såg trua deira» las me frå Markus. Tru er noko som høyrer til det å vera menneske. Men me forstår det aldri heilt. I vår tradisjon heng mykje på den enkelte si overtyding. Ei litt sjølvvironisk forteljing fekk eg høyra som ung prest på Nordmøre. Predikanten spurde verten sin korleis det sto til med trua der på øya. Verten svarte at, jo, dei var nå berre to att. Og etter å ha tenkt seg om kom det: «Men eg er ikkje heilt sikker på han andre».

Sjå litt rundt. De kjenner naboar og veit kven folk er. Sjå på kvarandre med takk. Det at me er i kyrkja er i seg sjølv eit teikn på tru.

Me er mange her som blei borne fyrste gong me var i ei kyrkje. Det å bera og bli boren er noko fantastisk. I Erling Loes bøker om Elling les me om kameraten hans, Kjell Bjarne: «Nå bærer han igjen» sukker Elling. Ein lite talefør og litt enkel Kjell Bjarne er så sterk at han løyser umogelege situasjonar med rett og slett å lyfte opp folk og bera dei. Eg har nokon gonger ynskt at eg var så sterk.

Bæring er noko reint fysisk. Men det er meir enn det. Me blir minna om at sjølv om me er små og må berast har me eit heilt menneskeverd. Vår verdi som menneske er ikkje berre knytt til kva me kan yta, men heng og saman med at me kan ta imot. Då Levi Johan blei døypt blei dette synleg. Me får trua som gåve. Om slekta vil, blir me og borne ut til slutt, frå ein seremoni i kyrkja eller kapellet og ut til grava.

Dei som kjem saman til gudsteneste er med på å bera verda og vener fram for Gud. Me kan, som venene til den lamme mannen vera med å bera andre i bøn. For ei veke sida såg eg eit TV-program om universet. Ei kraftig påminning om at planeten jorda er liten, svært liten. At skikken med å tenna lys er knytt til globen gjev meining. Alt i heile verda kjem oss nær og er sett av Gud. Litt som i den salmen av Erik Bye som heiter Vårherres klinkekuler. «Og vi som av den lille jord en båret og tror at intet teller uten den, vi får drømme at Han leter mer i morgen, ... og håpe at Han finner oss igjen.»

Kyrkjelyden her har eit arbeid i Liberia som sitt misjonsprosjekt. Folk i eit av dei aller fattigaste landa er blitt naboar til Bjerkreim. Slikt går an når me er vevde saman med alt og alle og erkjenner at verda høyrer Gud til. I ei bøn etter at takkofferet er samla inn seier me: «Jorda og alt som fyller henne høyrer Herren til.» Når me hugsar det, kan me raust og av eit reint hjarte dela med andre.

Tenk korleis Europa såg ut etter krigen for 75 år sida. Marshallhjelpen ga heilt naudsynt støtte til gjenreisinga av sivilsamfunn og industri. Kva har me mista når me er meir opptekne av å stengja folk ute, enn av å ynskja velkomen og gje hjelp?

Jesus veit alt. Han veit at me ber på svik og at me prioriterer feil. Han tok tak i den børa som ikkje var synleg hos den lamme mannen og sa: «Syndene dine er tilgjevne». Då var det straks nokon som tenkte «Korleis kan han seia slikt?» Jesus veit alt, også om korleis me altfor ofte dømer kvarandre. Eg veit ikkje nok om Bjerkreim til å meina noko om internkontrollen i bygdene her. Men me er som regel litt for opptekne av andre sine meiningar og domar. Det kan hindra folk i å praktisera den trua dei fekk i dåpen.

Jesus stikk ikkje av og sviktar oss ikkje når me blir fordømde av andre, eller om me dømer oss sjølv. Og om me fell for freistinga å døma andre urett, kan også den synda vedkjennast og bli møtt med nåde. Eg anbefaler alle å erfara kva det å «skrifta», setja ord på det du angrar på, kan bety. «Syndene dine er tilgjevne». Om du ikkje er lam i føtene, kan gleda likevel gjera at du reiser deg med større kraft og mot i stega.

Korset er og eit symbol som utfordrar oss til å tola smerten i eige liv. Du kjem til Herren med bøn om å bli kvitt sjukdom og problem. Du veit at det er ein som ser og kjenner deg og vil deg det beste. Då kan du få oppleva under, som venene til den lame mannen: Sjå, han blei frisk i føtene. Eller lika ofte: Sjå, du fekk styrkje til å bera dagane dine slik dei no er, enno ei stund. Det er ein som går med, og aldri stikk av.

Me er her no, fordi me bryr oss. Me er ein synleg og usynleg fellesskap. Nokon har gått føre oss. Altarringen minner oss om at dei er med oss enno, frå andre sida. Kanskje er det deira tru som ber mange bjerkreimbuar i dag? I det enklaste av alle måltid, så smått at det mest ikkje synst, ligg den krafta som har bore kyrkja i verda til denne dagen.

Det å bera og bli boren er noko fantastisk. Me må fortsetja å bryr oss, i Jesu namn. Og så høyra at Meisteren seier: Gå heim!

Ære vera Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og vera skal ein sann Gud frå æve og til æve.